

Eg skal søkja om å sprenga og planera terreng for å laga plass til å bygga garasje, og å bygga garasje. For å gjera dette må eg søkja dispensasjon frå følgjande:

**Punkt i kommuneplan 2011-2023 12602013000200 som må søkjast dispensasjon frå:**

1. 3.4.2 i Planføresegner kommuneplan 2011-2023  
Bygging av garasje i LNF-SBE område.
2. 3.4.2 - C i Planføresegner kommuneplan 2011 -2023.  
BYA blir 69,58m<sup>2</sup> mot maks 50m<sup>2</sup> i planvedtak.
3. 3.4.2 - E i Planføresegner kommuneplan 2011 -2023.  
Terrenginngrep.

1. Området er regulert til LNF-SBE i kommunens arealplan. Dette arealet er ikkje nytta til beite eller slåttemark, og har ikkje blitt nytta til desse føremåla nokon gang. Det er kupert og lite utnyttbart areal knapt eigna til plen. Då dette er eit lite og avgrensa område som ikkje har blitt nytta til noko, og garasjen vil koma tett inn mot skjeringa etter sprenging, vil ikkje dette medføra store endringar eller ha negativ innverknad i landskapet. Eg har ingen plass å setja inn bilane, motorsykkelen, og hagereiskap, så dette står ute i vær og vind og forfell.

2. Eg har veldig begrensa bodplass i huset, derfor treng eg boden i bakkant i bygget og loftet (under 1,9m høgde), til sportsutsyr, hagemøblar og anna. Så sjølve garasjen vert 48,19m<sup>2</sup>, dette må den vera for å få plass til 2 bilar, motorsykkel og hagereiskap.

3. Eg må senka terrenget for å få plass til garasjen. Øvste punkt er ca. 3,5m høgare enn planlagt planert terreng. Dette er einaste aktuelle plassen å ha garasjen, då tomten er veldig kupert og rart utforma ellers.